



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 Austrheim

Skadefelling av grågås ved Langøy og Børilden, Austrheim kommune 2016 - vurdering av klage

Organisasjonen NOAH klaga på eit vedtak i Austrheim kommune i 2016 der ein grunneigar fekk løyve til å felle 20 grågås etter skadefellingsforskrifta. Retningslinene til skadefellingsforskrifta poengterer ei rekkje vilkår som må oppfyllest før løyve til skadefelling kan innvilgast. Det går ikkje fram av det opphavlege vedtaket at alle desse vilkåra er innfridd, og vedtaket er heller ikkje vurdert etter naturmangfaldlova sine miljørettsprinsipp.

Det er liten tvil om at beitande grågås er årsak til omfattande problem for landbruket i området, men i dette tilfellet er grunnlaget for skadefelling ikkje oppfylt. Klagar få difor medhald og kommunens vedtak av 17. mars 2016 vert såleis oppheva.

Vi viser til skriv frå Austrheim kommune av 19. mai 2016, der kommunen sender over ei klagesak på skadefelling av grågås for endeleg handsaming. Det har diverre teke tid å handsame saka endeleg, men kommunen har i lengre tid vore munnleg orientert om konklusjonen.

Bakgrunn

Eivind Børilden søkte 16. mars 2016 Austrheim kommune om skadefelling av 30 grågås fram mot 20. april på Langøy og Børilden, der det er slåttemark og innmarksbeite for villsau. Søknaden er ikkje lagt ved dokumenta som kommunen har sendt over for klagevurdering, men det går fram av vedtaket at det har vore eit aukande problem med beiteskadar av grågås i området dei seinare åra. Skremmetiltak har vore forsøkt her utan at det skal ha fungert, anna enn kortvarige effektar.

Dagen etter, den 17. mars 2016, gjorde Austrheim kommune vedtak om skadefelling. Eivind Børilden fekk løyve til å ta ut totalt 20 gås på innmarka på Langøy og Børilden. Det vart sett vilkår om at det ikkje kunne skytast fleire enn 2 fuglar i døgnet, og løyvet vart avgrensa til å ta ut ungfuglar eller ikkje-hekkande individ ettersom kommunen meinte det er desse som gjer mest skade. Kommunen stilte også krav om å ta ut skadegjerande individ der skadane er størst, og løyvet vart gjort gjeldande fram til 10. april 2016. Det vart også sett krav om å sende inn rapport om fellingsresultat.

Klagen

Organisasjonen NOAH - for dyrs rettigheter, klaga på vedtaket 11. april 2017. NOAH meiner at løyvet meir står fram som vårjakt enn som skadefelling, og viser til at skadefelling er eit unntak frå

fredingsprinsippet i naturmangfaldlova, som ikkje skal nyttast som bestandsregulerande tiltak. NOAH skal ha fått opplyst at det ikkje har vore gjort ei oppteljing av bestanden i området og at skadeomfanget heller ikkje er vurdert, ei heller dokumentert.

NOAH meiner såleis at ein ikkje veit kor stor del av den lokale grågåsflokken grunneigaren har fått løyve til å skyte, og at det heller ikkje er kontroll med kva individ som vert felt, om det er hekkande fuglar eller ungfuglar. Løyvehavar er heller ikkje pålagt å levere inn dei felte fuglane — om han vil, kan han gjere seg nytte av dei sjølv eller selge dei. Dette er ikkje ein vanleg skadefellingssituasjon, meiner NOAH, men står fram som opning for jakt i fuglane si hekketid for å redusere ein lokal bestand.

NOAH poengterer også at skadefellingsforskrifta har klåre vilkår for felling. Det er eit krav at skade skal ha skjedd i inneverande år og i eit omfang som er av vesentleg økonomisk betydning, og at den skadelidne i rimeleg utstrekning skal ha gjennomført tiltak for å motverke og avgrense skaden. NOAH er klar på at vedtaket bryt med det sterkt vektlagde ynglefredingsprinsippet i viltlova og naturmangfaldlova.

NOAH viser også til ei uttale frå Fylkesmannen i Hordaland: «*Det er ikkje jakt på gjess i hekketida og det skal heller ikkje gis skadeløyver i yngreperioden (frå april til slutten av juli). Kommunen kan etter søknad gje løyve til felling utanom ordinær jakttid, men det er ei rekkje vilkår som må vere oppfylt (jf skadefellingsforskrifta)*».

Lovgrunnlag

Vedtaket om felling av skadegjerande vilt skal gjerast etter *Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre arters reproduksjon* som er heimla i naturmangfaldlova § 18.

Etter kapittel II B i denne forskrifta er det kommunen som skal handsame søknadar om skadefelling av grågås. Det er knytt detaljerte retningsliner til bruk av forskrifta, som kommunen skal legge til grunn for eventuelle vedtak. Vilkår i skadefellingsløyve må vere i samsvar med desse retningslinene.

Det vert i desse retningslinene presisert at skadefelling er og skal vere eit unntak frå det generelle fredingsprinsippet i viltlova, og at skadefelling ikkje kan nyttast for å oppnå bestandsreduksjon. Bestandsregulering skal i Noreg skje ved jakt, der detaljane i regelverket er nedfelt i *Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun* («*Jaktidsforskrifta*»). Grågås er ein jaktbar art i Noreg, med jakttid 10. august til 23. desember. Eigar og brukar har dessutan lov til å sanke egg av arten fram til og med 15. april, eit tiltak som over tid også kan gje bestandsregulerande effekt.

Vår vurdering av klagen

Vedtaket er fatta etter skadefellingsforskrifta, som er den relevante forskrifta når man skal handsame saker om beiteskade frå gås. Klagen er fremja innan fristen, og klagar må reknast som ein instans med rettsleg klageinteresse og er ikkje part i den konkrete saka. Klagen er sakleg framstilt. Det formelle grunnlaget til å handsame klagen er såleis til stades.

Klagar har bedt om at klagen får oppsettande verknad. Dette har kommunen ikkje vurdert. Det ville også vore vanskeleg å gje oppsettande verknad relevans i dette tilfellet, då klagen er sendt 11. april og løyvehavar har rapportert den 13. april at alle dei 20 gjæsene er felt.

NOAH refererer til ein «uttale» frå Fylkesmannen om at det ikkje skal innvilgast skadeløyver på grågås i hekketida. Dette dreier seg ikkje om ein spesifikk uttale, men er eit oppslag på Fylkesmannen si heimeside som vart publisert 18. mars.2016. Oppslaget var meint som informasjon og rettleiing til kommunar som hadde innmeldte problem med beitande grågås. Vi ser i ettertid at formuleringa om at

det ikkje skal gjevast skadeløyver i hekketida kunne vore meir å presis. Skadefellingsforskrifta skal praktiserast restriktivt, men ein kan i spesielle høve gjere unntak frå det generelle prinsippet om yngletidsfreding i viltlova. Det er ofte vanskeleg å skilje mellom hekkande og ikkje-hekkande fuglar, dette gjeld i høg grad også grågås. Difor heiter det i rettleinga til forskrifta at dersom skaden ikkje er så omfattande at andre omsyn må gå framfor, bør ingen artar fellast i yngletida, og at kva einskild sak må vurderast sjølvstendig.

Ved rett bruk av skadefellingsforskrifta skal ein vurdere kor mange individ ein kan gje skadefellingsløyve på samanlikna med den totale bestanden i området. Det er også krav om at skaden skal vere gjort i *inneverande* sesong, den skal vere *dokumentert* og den skal vere av *vesentleg* økonomisk omfang. Dette er forhold som ikkje går fram av søknaden og er heller ikkje tilfredsstillande formidla gjennom kommunens sakshandsaming. Kommunen har nok betre kunnskap til situasjonen i det aktuelle området enn både klagar og Fylkesmann, og vi reknar med at løyvet er skrive med bakgrunn i røynsler frå dei seinare åra og at ein har god grunn til å rekne med at skade vil oppstå også i 2016 om ein ikkje set i verk tiltak. I kommunen sin vurdering av klagen går det fram at landbrukskontoret synfarte dei aktuelle areala i 2013, og at det då var store flokkar med gjæser og dokumentert skade på eng. Samstundes vert det opplyst at ei teljing seinare i 2016 resulterte i 60 observerte gjæser i Austrheim kommune. Dette er relevante opplysningar som skulle vore formidla ved utskrivninga av løyvet og lagt til grunn for dette.

Bestanden av grågås i Austrheim kan vere større enn den observerte bestanden på 60 individ, men dersom 60 fuglar er samsvarande med totalen, verkar det å vere ganske offensivt å gje skadefellingsløyve på 20 fuglar i ein liten, avgrensa del av kommunen.

Skremming av fuglar frå dyrka mark skal vere forsøkt, men skal berre ha kortvarig effekt. Dette er truleg rett og i samsvar med røynslene frå andre delar av Hordaland. Men i andre område der det har vore gitt løyve til skadefelling av grågås, har ein stilt krav om å prøve andre avbøtande tiltak i tillegg til ordinær skremming. Låge gjerde mot sjøen vil hindre foreldrefuglar med ungekull å kome til, ettersom fuglane då ikkje er flygedyktige. Men det løyser ikkje problema tidleg i sesongen. Avsetjing av «friområde» for beitande gjæser er også eit aktuelt tiltak som kan gje god effekt. Vi er ikkje kjende med at slike tiltak er utprøvd i det aktuelle området.

Vi er kjende med at Austrheim kommune arbeider med ein lokal forvaltingsplan for gås. Det er positivt, og vi vil oppmode kommunen om å prioritere dette arbeidet. Det kan vere utfordrande å drive eit rekningssvarande landbruk somme stader i Austrheim med den gåsebestanden som no har bygd seg opp i denne delen av Hordaland. I ein lokal forvaltingsplan kan ein legge føringar som over tid kan gje ein bestandskontrollerande effekt. Vi har forståing for at somme grunneigarar og også kommunar opplever at tilhøvet mellombeitande grågås og aktivt landbruk i nokre område kan vere vanskeleg å kombinere. Difor er røynsler frå andre stader der gås også gjer skade på avling viktig å trekke inn. Ikkje minst er det viktig å få eit realistisk inntrykk av i kva grad den gjennomførte fellinginga ved Børildsen og Langøy i 2016 hadde effekt på avlingane dette året, og også om effekten er merkbar også i 2017.

Klagar framhevar at skadefellingsforskrifta ikkje skal nyttast som bestandsregulerande tiltak, og hevdar at skadefellinga som kommunen har opna for, meir har karakter av vårjakt enn skadefelling. Vi kan sjå klare utfordringar med å kombinere den aktuelle landbruksdrifta her med ein sterk gåsebestand gjennom store delar av beitesesongen, men skadefellingsforskrifta slik den er formulert er ikkje rett verkemiddel for å redusere gåsebestanden i området.

Vedtaket som har betydning for norsk natur og naturmangfald skal utan unntak også vurderast etter miljøretnsprinsippa i naturmangfaldlova, naturmangfaldlova §§ 8-12. Dette er ikkje gjort i vedtaket. I seg sjølv er dette ein så alvorleg formell feil i denne typen vedtak at det kan reisast tvil om vedtaket er gyldig. Det har lite for seg å gå inn på dette no ettersom gjæsene var felt før fylkesmannen fekk klagen til vurdering.

Vedtak

Vedtaket har formelle feil, det er ikkje stilt krav til dokumentasjon og viktige opplysningar går ikkje fram av saksutgreiinga. Det er ikkje lett for ein kommune å handtere slike saker i fullt samsvar med gjeldande skadefellingsforskrift, men i sum er avvika frå retningslinene til forskrifta så mange og avgjerande at Fylkesmannen finn å gje klagen medhald.

Dette får ingen praktisk verknad for den konkrete saka i 2016, ettersom gjæsene var skotne før Fylkesmannen fekk sendt over saka for klagehandsaming. Det er like fullt viktig at kommunen merkar seg utfallet for ettertida.

Klagen frå NOAH får medhald på dei fleste ankepunkta, og kommunens vedtak vert såleis oppheva. Fylkesmannens vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast.

Med helsing

Stein Byrkjeland
ass. miljøvernsjef

Magnus Johan Steinsvåg
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
NOAH v/ Jenny Rolness
Eivind Børilden